

Rolf Ronny Hagen
Åråsvågmyra 19
5943 AUSTRHEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/409 - 22/3281

Saksbehandlar:
Asbjørn Nagell Toft
asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no

Dato:
20.04.2022

Løyve til fasadeendring og veranda på gbnr. 148/65 - Åråsvågmyra

Administrativt vedtak. Saknr: 045/22

Vi syner til søknad motteke den 09.04.2022.

Vedtak

Det vert godkjent oppføring av veranda og fasadeendring som omsøkt i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-4, 29-2 og 29-4, samt naturmangfaldslova §§ 8-12:

Saksutgreiing:

Det er komme inn søknad om bygging av veranda og fasadendring på bustadeining i ein tomannsbustad. Veranda/altan er på om lag 8 m2.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader i samband med nabovarslinga. Naboar har samtykt til omsøkt tiltak.



Sætremarka 2
5943 AUSTRHEIM
austrheim.kommune.no



56 16 20 00
post@austrheim.kommune.no



Føretaksreg.: 948350823
Bankkonto: 1594.11.80407

Planstatus

Eigedommen ligg iregulert område innafor det som i reguleringsplanen for området er definert som bustadområde. Utrekna grad av utnytting er ikkje oppgjeve. Tiltaket er etter kommunen sin vurdering i tråd med planen.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Ein finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Statsforvaltaren i Vestland.

Situasjonsplan og terrengrøper

Tiltaket er teikna inn med tilstrekkeleg målsetting. Situasjonsplanen viser terrengeendringar som følge av det nye tiltaket.

Visuelle kvaliteter

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehavar gode visuelle kvaliteter både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Konklusjon:

Det vert godkjent oppføring av altan og fasadeendring som omsøkt.

Byggverket si plassering på tomta skal kunne dokumenterast, og slik dokumentasjon skal sendast kommunen for oppdatering av kartverket. Slik dokumentasjon kan sendast inn saman med oppmoring om ferdigattest eller mellombels bruksløyve.

Når arbeida vert å sjå på som ferdige, skal søker skriftleg rapportere dette til kommunen, jf. plan- og bygningslovas § 21-10 og nødvendig slutt dokumentasjon og erklæring om ferdigstillelse skal leggjast

fram. Gjenstår noko av arbeida skal dette vere angitt. Det kan bli aktuelt at kommunen gjer ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Ved handsaminga av denne saka har kommunen teke omsyn til den sivile beredskap og samfunnstryggleik. Ta omsyn til brannspreiing om naudsynt. Bruk materiale som er lite brannfarlege mot nabo.

Kopi av dette vedtak samt andre saksdokument skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Dersom byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 21-9.

Alt arbeid skal følgje plan- og bygningslova, forskrifter og andre føresegner. Dersom innsendte planar er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre planane.

Lykke til med arbeidet.

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Kopi til:

Alf Kvant

Mottakere:

Rolf Ronny Hagen

Åråsvågmyra 19

5943

AUSTRHEIM